

Sei nei til ELA!

Til våren skal norsk tilknytning til European Labour Agency (ELA) – *Det europeiske arbeidslivsbyrået* – opp til handsaming i Stortinget. ELA vil, om det blir innført i EØS-avtalen, få overnasjonal makt over norsk arbeidsliv. Det er dårleg nytt for norske arbeidarar. ELA skal mellom anna avgjere om norske tariffavtalar er i pakt med EU-regelverket. Kompromiss mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar vil bli baserte på europeiske standardar, ikkje norske. Det inneber at norske arbeidslivsrettar og standardar kan svekkast. Hedmark NEI til EU vil åtvare sterkt mot ei slik utvikling.

Rådet har rett nok moderert Kommissjonens sitt opphavlege forslag ved at ELA har blitt omdøpt frå «myndigheit» til «byrå». På grunn av indre usemje i EU understrekar Rådet at felles inspeksjonar og mekling mellom land skal vere baserte på frivilligheit. Norske styresmakter kan nekte mekling og nekte å følgje råd frå ELA, men då må dei grunngje avslaget. Her ligg det igjen eit stort press. ELA skal rapportere alle avslag og alle brot på EU sine reglar til EU-kommisjonen, ikkje berre på sitt område, men på alle områder. Med ESAs diktat av Tariffnemnda i Reise-kost-og-losji-saka friskt i minne, er det all grunn til å frykte at slikt vil kunne halde fram og forverrast. Her fekk vi nok eit døme på at når ein legg EU-retten til grunn, set det grenser for betre nasjonale reguleringar.

Hedmark Nei til EU ber Stortinget nytte reservasjonsretten i EØS-avtalen, og seie nei til ELA.